

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 01.03.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Marit Kleiven  
**SAKA GJELD:** Utviklingsplan Helse Førde, revisjon 2021  
**ARKIVSAK:** 2021/981

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
26.03.2021

**STYRESAK:**  
018/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orienteringa om revisjon av utviklingsplanen for Helse Førde i 2021 til vitende.

## **Oppsummering**

Utviklingsplanen for Helse Førde HF vart vedteken i styremøte 22. juni 2018. Planen har eit tidsperspektiv fram til 2035, men skal reviderast kvart fjerde år.

Det er gitt føringar om at alle helseføretaka i landet skal oppdatere utviklingsplanane i 2021. Helse Vest har starta prosessen med å etablere ei regional koordineringsgruppe.

I løpet av 2021 skal difor Helse Førde revidere sin utviklingsplan. Planen skal vere vedtatt og send til Helse Vest innan 31. desember 2021. Deretter skal Helse Vest utarbeide den regionale utviklingsplanen og vedta denne innan utgangen av 2022.

Helse Førde la eit godt grunnlag for utviklingsarbeidet i 2018. Utviklingsplanen vil bli revidert ut frå det grunnlaget som er lagt. I tillegg må vi ta høgde for nye tilrådingar og føringar. Vi legg vekt på å ha ein open og god dialog med ulike interessegrupper gjennom heile prosessen. Det blir lagt vekt på eit nært og forpliktande samarbeid med kommunane om helsefellesskap, noko som vil bli teke omsyn til i planarbeidet.

## **Fakta**

Ein utviklingsplan er ein plan for korleis eit helseføretak vil utvikle verksemda si for å møte framtidige behov for spesialisthelsetenester. Utviklingsplanen skal peike på ønska utviklingsretning, og kva tiltak som er naudsynt for å møte framtidas utfordringar.

Føringar for utviklingsplanen er [Nasjonal helse- og sjukehusplan](#) og Helse Vests strategidokument [Helse 2035](#). I tillegg har Helse- og omsorgsdepartementet utarbeidd ein [rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar](#).

[Helse Førde sin utviklingsplan var ferdig i 2018](#). Det vart gjort eit grundig arbeid med brei involvering frå brukarar, tilsette og kommunar. Vi kjem difor til å ta utgangspunkt i eksisterande utviklingsplan og oppdatere den med dei tilrådingar og føringar som har kome frå eigar sidan 2018. Det er jobba mykje med utviklingarbeid i Helse Førde dei siste åra, noko som vil bli teke omsyn til i revisjonen.

## **Prioriterte pasientgrupper**

I nasjonal helse- og sjukehusplan er det lagt særleg vekt på at helseføretak og kommunar planlegg i lag, og utviklar meir samanhengande helse- og omsorgstenester for pasientar som treng tenester frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Prioriterte pasientgrupper i helsefellesskapa er:

- Barn og unge
- Personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem
- Skrøpelege eldre
- Personar med fleire kroniske lidingar

Vidare skal helseføretaka legge særleg vekt på desse områda:

- Avklare kapasitetsbehov og organisering av psykisk helsevern
- Gjennomgå akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus saman med kommunane

- Gjennomgå organisering, leiing og kompetanse i akuttmottaka
- Setje eigne mål i utviklingsplanen for å flytte spesialisthelsetenester heim til pasientane ved hjelp av teknologi
- Lage ein plan for å sikre tilstrekkeleg kompetanse. Det skal leggast til rette for livslang læring og ein heiltidskultur. Sjukepleiarar og helsefagarbeidarar skal ha prioritet i dette planarbeidet.

## **Tidsplan for arbeidet med utviklingsplanen 2021**

- Januar–mars: Informasjonsrundar om at arbeidet tek til
- Mars–juni: Skrivearbeit og involvering
- August–september: Utkast til utviklingsplan ut på høyring i seks veker
- September–november: Justering av plandokument etter høyringsperioden
- November–desember: Styrevedtak av ny plan i Helse Førde og oversending av plandokument til Helse Vest

For å sikre god og open kommunikasjon med relevante aktørar undervegs er det utarbeidd ein eigen kommunikasjonsplan for arbeidet med utviklingsplanen.

I dette arbeidet er det svært viktig at vi sikrar samanheng med det pågåande samarbeidet om helsefellesskap. Difor er det oppnemnt ei gruppe frå begge partar som skal gi innspel til utviklingsplanen.

## **Kommentarar**

Det har pågått eit omfattande utviklingsarbeid sidan utviklingsplanen Helse Førde 2035 vart vedteken i 2018. Planrevisjonen vil oppdatere førre plan, skildre korleis vi skal arbeide vidare med pågående prosessar og legge inn nye tiltak som følgje av oppdaterte føringar.

Revisjonen vil ikkje vere like omfattande som førre planarbeid, men det blir lagt vekt på å skape engasjement og eigarskap til planarbeidet i organisasjonen. Det er viktig at leiarane løftar relevante emne i sine einingar, og tek medarbeidarane med på diskusjon om vegen vidare for sine fagområde og for Helse Førde. Planarbeidet har ein liten redaksjon, men mange frå organisasjonen vil bli involverte til å skrive. I tillegg blir det arrangert ulike møte og arbeidsverkstad der medarbeidarar kan kome med innspel.

## **Konklusjon**

Administrerande direktør legg med dette fram informasjon om prosessen med å revidere utviklingsplanen i 2021. Styret vil få jamleg informasjon om arbeidet, bli involverte og få høve til å gje råd undervegs. Planen vil bli lagt fram for godkjenning i styret hausten 2021.